

# OSELVARKLUBBEN



REFERAT FRÅ

ÅRSMØTE 1998<sup>7</sup>

## Referat frå årsmøte i Oselvarklubben søndag 15. mars 1998 i Oselvarverkstaden

Leiar Kjell Totland opna møte kl. 15.40 og yngste medlemmer og gjester velkomne. Etter dette vart Magne M.Drange som døydde i oktober heidra med eitt minutt stillhet. Magne M.Drange har vore aktiv siglar og foregangsmann når det gjaldt opplæring og juniorsiglasar.

### Referat:

#### A) Godkjenne frammøtte medlemmer.

Til årsmøte møtte det 13 medlemmer. Nilmar Søvik frå Oselvarlaget og båtbyggjar Harald Dalland møtte som gjester.

#### B) Godkjenne innkallinga.

Det var ingen merknader til innkallinga.

#### C) Saksliste (jmfr. § 6 i lover for Oselvarklubben)

Det var ingen merknad til sakslista.

#### Sak 1. Årsberetning 1997

Kjell Totland gjekk gjennom hovedpungta.

Det var ingen kommentar til årsberetninga.

Under denne saka kom det fram spørsmål om kor mange båtar som har vore registrert gjennom tidene. Til dette vart det opplyst at omlag 240 båtar har vore registrert.

#### Sak 2. Årsrekneskap 1997

Kasserar Kjell Milde gjekk gjennom rekneskapet og viste til godkjenninga frå revisor.

Årsmøte godkjente rekneskapet utan merknader.

#### Sak 3. Endring i «Klasseregler for seilbåter av oselvartypen»

Under denne saka var det ikkje kome inn saker.

Sak 4. Inkomne forslag.

Forslag frå styret vedr. endring i «Lover for Oselvarklubben»

Styret foreslo å endre teksten i § 5 frå:

«Regnskapet avsluttes pr 31. desember.»

til

**«Regnskapsåret går fra 1. oktober til 30. september»**

Videre foreslo styret å endre teksten i § 6, første setning frå.

«Årsmøtet holdes minst en gang årlig, innen utgangen av februar, og skal innkalles med minst 3 ukers varsel»

til

**«Årsmøtet holdes minst en gang årlig, innen utgangen av november, og skal innkalles med minst 3 ukers varsel.»**

Forslaget vart einstemmig vedteke.

Sak 5. Val

Valkomiteen foreslo attval på alle personar i dei ulike verva.

Samtlige vart valt med aklamasjon

Leiar:	Kjell Totland	Milde Båtlag	attval
Nestleiar:	Knut Olaf Pedersen	Båtlaget Ran	attval
Sekretær:	Knut Arne Grøteide	Båtlaget Njord/Tysnes	attval
Kasserar:	Kjell Milde	Milde Båtlag	attval
Styremedlem:	Terje van der Meeren	Austevoll Seilforening	attval
Styremedlem:	Reidar Kausland	Fjell Kystlag	attval
Varamedlem	Svein Økland	Båtlaget Njord Tysnes	attval
Revisor.	Egil T. Pedersen	Båtlaget Ran	attval
Målekomite:	Kjell Totland		attval
	Finn Totland		attval
	Jan-Erik Christophersen		attval
	Stein Olav Drange		attval
	Svein Økland		attval
Valkomite:	Finn Totland		attval
	Nils O. Sandtorv		attval



## Premieutdeling. Rankingpokalar og Falne Seileres Pokal.

Etter årsmøtet vart det premieutdeling.

Vinnar av årets **rankingpokalar** vart i klasse:

L	L 36	«Pjalle»	Kjell Milde	Milde Båtlag	91 poeng
<b>Sprisegl</b>	13	«Carmencita»	Olav H. Østervold	Austevoll Seilf.	738 poeng

Det har ikkje vore sigla rankingsiglasar i dei andre klassane.

Vinnar av **Falne Seileres Pokal** vart i år:

43 «Sandmor» Nils O. Sandtorv Hjelestad Seilforening

I år skulle ein sigla om minste forsprang på Sommarregattaen til Milde Båtlag og «Sandmor» vart vinnar i klassen med eit forsprang på 13 sek. til neste båt. (Det må ha vore ein spanande innsjurt.)

## Seglprat.

Etter møtet vart det uformell seglprat. Nilmar orienterte om naustplanane laget har. Dei ynskjer å byggja sørom oselvarverkstaden saman med Os småfiskarlag. Det ser ut til å gå i orden med tomt. Noko pengar har dei frå det fyrste oselvarlotteriet og meir vil det verta. Laget har i år sett i gang eit nytt lotteri og også denne gongen er det ein oselvar som er gevinst.

Det vart ein del snakk om forsikring av båtar. Dei som siglar regatta må ha ei ansvarsforsikring. Men mange ynskjer også å ha ei vanleg forsikring. Somme hadde erfart at det kunne vera vanskeleg å få forsikra eldre båtar. Ein foreslo at styret kunne ta kontakt med kystlaga og så arbeida saman om denne saka.

Det vart sagt at det i Os er ein del personar som ynskjer å sigla regatta, men dei treng ein del rettleiing. Det vart foreslått å arrangera ein regatta utafor Os i samband med oselvarfestivalen. Det kan vera god reklame. Andre tiltak må vurderast. Eit regattamiljø på Os vil verta ei styrking av oselvarsiglinga. Os seilforening har god kompetanse på sigling og regattaarangement så her finst ressursar i bygda. Oselvarklubben bør arbeida vidare med denne saka.

I oselvarvekstaden har det vore snakka om å lage ei utstilling som puplikum kan ha nytte av. Harald Dalland sa at det i den samanhengen er ynskjeleg med noko som kan visa oselvaren som regattabåt. Dette er ei oppgåva oselvarklubben bør arbeida med.

Det vart også diskutert litt om det finst måtar å stimulera til auka deltaking i bermudaklassane  
Det vart lufta om klassevedtektene bør endrast m.t.p. type seglduk. Somme klassar som  
t.d.Snipe har strenge klassevedtekter som truleg verkar gunstig med tanke på kostnad.

### Omvisning i oselvarverkstaden.

Til slutt var det omvisning i oselvarverkstaden. Me fekk sjå «Danskebåten» og Harald orienterte om arbeidet med denne og om drifta i huset.

Knut Arne Grøteide  
referent